# Fylkesårsmøte 2026

## Sakspapirer

**Vestland Kristelig Folkeparti**
Vestlandshuset, Bergen
14. - 15. mars 2026

**Til delegatar på Vestland KrF sitt fylkesårsmøte 2026**
Oppdatert: 21.02.2026

**Kjære KrF-er!**

Vi har fått melding om at du er vald som delegat til Vestland KrF sitt fylkesårsmøte 14.-15. mars 2026. Vi vil ønskje deg velkommen til årsmøtet!

Her følgjer sakspapira. Vi ønskjer deg lykke til med førebuingane dine til årsmøtet. Sakspapira må takast med til fylkesårsmøtet digitalt eller på papir.

**Registrering**
Som du vil sjå av programmet, startar fylkesårsmøtet laurdag med registrering frå kl.11 og lunsj kl.12

**Program for fylkesårsmøtet**
Programmet finn du i dette dokumentet. Vi oppmodar sterkt til kvar enkelt delegat om full deltaking i heile programmet.

**Eventuelle forfall**
Skulle du av ein eller annan grunn måtte melde forfall, ber vi deg underrette lokallagsleiar og fylkeskontoret om dette omgåande. Det er lokallagsleiar sitt ansvar å kalle inn vara og vidaresende saksdokumenter til han eller henne.

**Kost og losji**
I år må kvar enkelt delegat sjølv ordna overnatting. Det vil komma ein kostnad på dagpakkar og festmåltid. Dette er med på å dekkja leige av møtelokale, lunsj, møtemat etc. Denne rekninga blir i etterkant send til lokallaga.

Møta vil bli i Vestlandssalen i Vestlandshuset. Om du er usikker på kvar Vestlandshuset ligg, så er det altså det store bygget med to tårn og ei klokke som ligg like ved Bystasjonen i Bergen. **Bruk inngang D som ligg i Veste Strømkaien 13** (på bystasjonssida)

Endå ein gong, - velkommen til fylkesårsmøte i Vestlandshuset i Bergen.

Med venleg helsing

| | |
|---|---|
| Per-Erik Gåskjenn | Per Byrknes |
| Fylkesleiar | Organisasjonsutviklar |

**Program for fylkesårsmøtet**
**Dato:** 14.-15. mars 2026
**Stad:** Vestlandshuset, Vestre Strømkaien 13, 5008 Bergen

**Laurdag 14. mars**

11.00 Registrering
12.00 Lunsj
12.45 Velkommen
13.15 Årsmøtet byrjar
- Konstituering
- Årsmøtesaker

14.00 Pause
14.15 Årsmøte held fram…
15.00 «*Når det blir krevjande: Å stå i dei vanskelege debattane med verdigheit*» v/ **Maria Elisabeth Selbekk**, Generalsekretær i Menneskeverd.
15.25 Samtale og spørsmål etter det me har høyrt.
15.45 Pause
16.00 «*Vart vestlandet lurt?*» v/ **Kjetil Gillesvik**, fagsjef Initiativ Vest
16.30 Lyden av KrF i Vestland, Norge og verden – innleiing ved **Joel Ystebø**
17:30 Pause fram til middag. Arealet vil vera ope for mingling. Treng ikkje å pynta seg. Avslappa dresskode
19.30 Festkveld
Festtalar: **Jarle Jacobsen**
Me startar med festmiddag i restauranten i 3.etg.

**Søndag 15. mars**

09.00 Ord for dagen.
09.10 Årsmøte held fram…
10.45 Pause
11.00 «*Nye stemmer, sterkare lokaldemokrati*»
Korleis engasjere fleirkulturelle i lokalpolitikken – i bygd og by
- Innleiing v/ **Hallgeir Berge**, KIA-Vest

11:30 Sofaprat med **Solfrid Rong** og gjester
12.00 Lunsj
12.45 Politisk tale v/ **Dag-Inge Ulstein**, partileiar i KrF
13:15 Speakers Corner. Dette er ein open og uformell post der deltakarane får ordet til å dela tankar, innspel eller korte innlegg. Taletid: 3 min. med forbehold om redusert tid. Ingen replikker.
14.00 Pause
14.15 Speakers Corner fortset….
14.45 Takk for no v/ fylkesleiar
15.00 Heimreise

*Det kan komma endringar i programmet*

# Sakliste

Opning av møtet

## Sak 1 – Konstituering

a. Godkjenning av innkalling

**Forslag til vedtak:**
Innkallinga vert godkjend.

b. Godkjenning av sakliste

**Forslag til vedtak:**
Saklista vert godkjend.

c. Val av møtedirigentar

Forslag: Håkon Ege Hetland og Ragnhild Stav

**Forslag til vedtak:**
Håkon Hetland og Ragnhild Stav vert valde til møtedirigentar.

d. Val av referentar

Forslag: Solfrid Rong og Svenning Bjørke

**Forslag til vedtak:**
Solfrid Rong og Svenning Bjørke vert valde som referentar.

e. Val av tellekorps

Vert foreslått og vald når delegatlista er klar

**Forslag til vedtak:**
*Framlagde kandidatar vert valde som tellekorps når delegatlista er klar.*

f. Val av protokollunderskrivarar

Vert foreslått og vald når delegatlista er klar

**Forslag til vedtak:**
*Framlagde kandidatar vert valde som protokollunderskrivarar når delegatlista er klar.*

g. Godkjenning av årsmøtereglar (sjå vedlegg – klikk her)

**Forslag til vedtak:** Årsmøtereglar vert godkjent

## Sak 2 – Endring av lover for Vestland KrF

Handsaming av framlegg til korrigering av § 4 a3 i Lover for Vestland KrF (vedtekne 2025)

På fylkesårsmøtet i 2025 vart nye lover for Vestland KrF vedtekne. I § 4 bokstav a3 vart følgjande formulering teke inn:

> *«minimum 1 representant frå kvart lokallagsstyre og 1 representant frå kommunestyregruppa, med 1 representant i tillegg for kvart 50 medlem (KrFU-medlemar medrekna)* ***og 1 representant i tillegg pr 50 røyster****»*

Den siste delen — «*1 representant i tillegg pr 50 røyster*» — betyr noko heilt anna enn tidlegare praksis og gir ei dramatisk auke i delegatmassen. Dersom dette skulle leggjast til grunn, ville t.d. tilseie at Bergen KrF kunne sende **113 delegatar** til fylkesårsmøtet i 2026, medan andre lag òg ville få svært høge tal basert på røystetalet frå førre fylkestingval.

Ein slik auke er openbert ikkje i samsvar med tidlegare praksis, tidlegare lover eller intensjonen i delegatmodellen. Det vil potensielt gje eit fylkesårsmøte med over **400 delegatar**, mot rundt **100** etter den modellen Vestland KrF har brukt sidan samanslåinga i 2020.

Det ligg difor føre ein openberr **feil i lovteksten**. Dette er òg vurdert av fylkesstyret i arbeidet med delegatfordelinga for 2026, der det eksplisitt vert sagt i kommentaren at dette må reknast som ein feil (inkurie) og rettast, og at **berre medlemstal skal leggjast til grunn**, slik tidlegare praksis tilseier.

Det er viktig å få korrigert feilen formelt slik at delegatfordelinga ikkje byggjer på eit utilsikta lovbrot, og slik at ein unngår misforståingar ved framtidige årsmøte.

Fylkesstyret ber om at § 4 a3 blir endra slik at setninga får følgjande ordlyd:
*«minimum 1 representant frå kvart lokallagsstyre og 1 representant frå kommunestyregruppa, med 1 representant i tillegg for kvart 50 medlem (KrFU-medlemar medrekna).»*

*Vedlegg: Lover for Vestland KrF med markert endring*

**Forslag til vedtak:**
*Fylkesårsmøtet vedtek dei framlagde endringane i lovene for Vestland KrF, slik dei går fram av saka.*

## Sak 3 – Årsmelding og rekneskap for 2025

- Framlegging av årsmelding (Sjå vedlegg)
- Presentasjon av Handlingsplan 2026 (Sjå vedlegg)
- Årsmeldinger fra fylkestingsgruppa, KrFKvinner og KrFU til orientering. (Sjå vedlegg)
- Framlegging av revidert rekneskap (Rekneskapen er ikkje revidert enno)

**Forslag til vedtak:**
*Fylkesårsmøtet godkjenner årsmelding frå Vestland KrF og revidert rekneskap for 2025. Fylkesårsmøtet tek Handlingsplan 2026, årsmeldingar frå fylkestingsgruppa, KrF Kvinner og KrFU til orientering*

## Sak 4 – Budsjett for 2026

- Presentasjon av budsjett (Sjå vedlegg)

**Forslag til vedtak:**
*Fylkesårsmøtet tek framlagde budsjett for 2026 til orientering.*

## Sak 5 – Val av fylkesstyre

Val av:

- Fylkesleiar
- Andre nestleiar
- Styremedlemmer og varamedlemmer

### Fylkesstyre

| | | |
|---|---|---|
| Leiar | Malin Andvik | (2 år) |
| 1. nestleiar | Ragnhild Stav | Ikkje på val |
| 2. nestleiar | Jarle Jacobsen | (2 år) |
| Styremedlem | Ingvill Blom | (1 år) |
| Styremedlem | William Dalsbø | (2 år) |
| Kvinnepolitisk leiar | Solfrid Rong | (2 år) |
| Leiar fylkestingsgruppa | Trude Brosvik | Ikkje på val |
| Leiar Bergen KrF | Karianne F Magnussen | Ikkje på val |
| KrFU | - | Ikkje på val |
| 1. vara | Harald Rydland | (1 år) |
| 2. vara | Kari Synnøve Muri | (1 år) |
| 3. vara | Jo Båtevik | (1 år) |

**Forslag til vedtak:**
*Fylkesårsmøtet gjennomfører val av fylkesleiar, 2. nestleiar, styremedlemmer og varamedlemmer i tråd med vedtekne valprosedyrar.*

## Sak 6 – Val av programkomité

Val av komité som skal førebu programarbeid for komande periode.

### Programkomite

| | |
|---|---|
| Leiar | Stian Lavik |
| Medlem | Jon Olav Økland |
| Medlem | Trude Brosvik |
| Medlem | Ingvill Blom |
| Medlem | Isabella Winther |
| Medlem | Joakim Byrknes |
| Medlem | Gunnhild K E Hystad |

**Forslag til vedtak:**
*Fylkesårsmøtet vel programkomité slik det vert lagt fram av valkomitéen / møteleiinga*

## Sak 7 – Val av revisor

Formelt val av revisor for rekneskapsåret 2026.

### Revisorar

| | |
|---|---|
| Revisor | Elisabeth Næverlid Sævik |
| Revisor | David Jørgensen |

**Forslag til vedtak:**
*Fylkesårsmøtet vel Elisabeth Næverlid Sævik og David Jørgensen som revisorar for rekneskapsåret 2026.*

## Sak 8 – Val av valkomité

Val av komité som skal førebu val til fylkesstyret 2027.

### Valkomite

| | |
|---|---|
| Leiar | Eivind Skår |
| Medlem | Beate Bondevik Lie |
| Medlem | Irene Barmen Hoel |
| Medlem | Arnfinn Brekke |
| Medlem | Karianne F. Magnussen |
| Medlem | Bjørnar Svellingen |
| KrFK | Utpeikast av KrFK |
| KrFU | Utpeikast av KrFU |
| 1. vara | Rolf Tore Hellesøy |

**Forslag til vedtak:**
*Fylkesårsmøtet vel valkomité slik det vert lagt fram av valkomitéen / møteleiinga*

## Sak 9 – Nominasjonsreglement

Handsaming av reglement for nominasjonsarbeidet i forkant av fylkestingsvalet

Fylkesstyret foreslår at tilrådd nominasjonsreglement ved fylkestingsval blir endra i tråd med vedlagt notat om regelverket knytt til nominasjon.

> Punkt B3 blir endra til:
> *For å delta i nominasjonsprosessen må en ha stemmerett på valgdagen, vært medlem i minst 3 måneder, ha betalt kontingent og være født i 2009 eller tidligere,* ***jmf valgloven §2.2. og*** *KrFs normallover §10-3.*
> (Endringer i uthevet skrift)

Fylkesstyret foreslår at tilrådd nominasjonsrelemeint ved fylkestingsval blir endra i *tråde med vedlagt notat om regelverket knytt til nominasjon.

*Vedlegg: Anbefalt nominasjonsreglement ved fylkestingsval – enkel variant*
*Notat om regelverk knyttet til nominasjon – anbefalt endring*

**Forslag til vedtak:**
*Framlagde forslag til nominasjonsreglement blir godkjende med følgjande endring:*

> Punkt B3 blir endra til:
> *For å delta i nominasjonsprosessen må en ha stemmerett på valgdagen, vært medlem i minst 3 måneder, ha betalt kontingent og være født i 2009 eller tidligere,* ***jmf valgloven §2.2. og*** *KrFs normallover §10-3.*
> (Endringer i uthevet skrift)

## Sak 10 – Val av nominasjonskomité for fylkestingsvalet 2027

Val av komité som skal gjennomføre nominasjonsprosessen fram mot fylkestingsvalet 2027.

### Nominasjonskomite

| | |
|---|---|
| Leiar | Magne Supphellen |
| Medlem | Arne Normann |
| Medlem | Morten Helland |
| Medlem | Enok Myklebust |
| Medlem | Oda Bertine Bondevik Lie |
| KrFU | Utpeikast av KrFU |
| KrFK | Utpeikast av KrFK |
| 1. vara | Marte Hammer Endal |

**Forslag til vedtak:**
*Fylkesårsmøtet vel nominasjonskomité slik det vert lagt fram av valkomitéen / møteleiinga*

# Årsmøtereglement for Vestland KrF

1. Forhandlingane på møtet er offentlege.

2. Følgjande har tale-, forslags- og stemmerett:
    - dei valde utsendingane frå lokallaga,
    - medlemmene i fylkesstyret,
    - 5 utsendingar frå KrF Kvinner i fylket,
    - 7 utsendingar frå Kristelig Folkepartis Ungdoms i fylket,
    - medlemmene i fylkestingsgruppa
    - ordførarane i fylket
    - byrådane i fylket
    - stortingsrepresentantane til partiet frå fylket

    Følgjande har tale- og forslagsrett:
    - KrFs æresmedlemmer
    - Statsrådar og statssekretærar frå Vestland
    - sentralstyremedlemmer frå Vestland
    - tilsette ved sekretariatet til fylkespartiet

    Årsmøtet kan også gi desse rettene til andre.

3. Til å leia forhandlingane blir 2 dirigentar valde. Inntil desse er valde, blir årsmøtet leia av fylkesleiaren.

4. Andre val under konstitueringa:
    - to referentar til å føra protokollen
    - to utsendingar til å underteikna protokollen
    - to teljekorps

5. Føring av protokoll
    I protokollen blir berre innført kva saka gjeld, forslag og avstemmingar, og dessutan dei vedtaka som er fatta. Årsmøteprotokollen blir oversendt fylkesstyret etter ho er signert.

6. Taletid
    Dirigentane set fram forslag om taletid og om det skal givast tilgang for replikkar.

7. Forretningsorden
    Til forretningsorden og dagsorden får delegatane ordet berre éin gong og høgst eitt minutt i kvar sak.

8. Forslag
    Forslag må leverast skriftleg til dirigentane, underteikna av forslagsstillaren. Etter at det er sett strek for å teikna inn talarar, kan det ikkje setjast fram nye forslag.

9. Avstemmingar
   Alle avgjerder blir avgjort ved alminneleg fleirtal, likevel unnateke lovendringsforslag som krev 2/3 fleirtal, jfr. § 12.
   Avstemmingar skjer skriftleg der det er naturleg, eller dersom minst 5 medlemmer krev det, elles ved stemmeteikn.

10. Dersom eit spørsmål ikkje er regulert i dette reglementet, gjeld vanleg forhandlingspraksis. Dirigentane skal i siste instans fortolka slik praksis i samråd med fylkesstyret sitt arbeidsutval. Reglementet blir vedteke med alminneleg fleirtal, medan avvik frå det vedtekne reglementet krev 2/3 fleirtal.

**Lover for Vestland KrF**

Lover for Vestland Kristeleg Folkeparti vedtekne på stiftingsmøte søndag 10. mars 2019 i Førde, slik dei lyder etter seinare endringar, seinast ved fylkesårsmøte den 8. mars 2025. Lovene vart godkjende av Sentralstyret 13. mai 2025.

## § 1 FORMÅL

Vestland KrFs formål er å fremje ein kristendemokratisk politikk bygd på det kristne menneskesynet, nestekjærleiken og forvaltaransvaret. KrF sitt verdigrunnlag er henta frå Bibelen, den kristne kulturarven og grunnleggjande menneskerettar.

## § 2 TILLITSVERV

Alle tillitsvalde og folkevalde for KrF er forplikta på og skal arbeide for partiet sitt kristne verdigrunnlag slik det er definert i § 1.

## § 3 ORGANISASJON

Fylkeslaget er knytt til Kristelig Folkeparti sin hovudorganisasjon. Fylkeslaget er samansett av lokallag, KrF Kvinner (kvinnenettverk) og Kristeleg Folkeparti Ungdom (KrFU).

## § 4 FYLKESÅRSMØTET

a) **Fylkesårsmøtet er sett saman av:**
   1) fylkesstyret
   2) fylkestingsgruppa
   3) minimum 1 representant frå kvart lokallagsstyre og 1 representant frå kommune-styregruppa, med 1 representant i tillegg for kvart 50 medlem (KrFU- medlemar medrekna) ~~og 1 representant i tillegg pr 50 røyster~~
   4) 7 representantar frå KrFU sitt fylkeslag
   5) 5 representantar frå KrF Kvinner i fylket
   6) KrF sin(e) ordførarar i fylket
   7) KrF sin(e) byrådar i fylket
   8) KrF sin(e) stortingsrepresentant(ar) frå fylket

Alle representantar må ha vore medlem i meir enn ein månad før møtedato, jmfr § 10-2.

Organisasjonsutviklar, KrF sine æresmedlemar, statsrådar og statssekretærar frå fylket deltek med tale- og forslagsrett. KrF sine medlemer i fylket har tilgang utan tale- og forslagsrett. Fylkesårsmøtet vedtek sjølv sin forretningsorden, med blant anna røystereglar og konstituering med val av dirigentar, teljekorps, naudsynte referentar, protokollunderskrivarar og eventuelt resolusjonskomité.

Fylkesårsmøtet sitt vedtak vert fatta med alminneleg fleirtal av dei frammøtte representantane med fullmakt, med unntak av lovendringsvedtak som krevjer 2/3 fleirtal, jfr. § 12.

**b) Fylkesårsmøtet er fylkeslaget si øvste myndigheit. Fylkesstyret skal legge fram m.a. fylgjande saker til handsaming:**

1) årsmelding m/vedlagt årsrapport og revidert regnskap frå fylkestingsgruppa, KrF Kvinner og KrFU
2) revidert rekneskap i hht. KrFs økonomireglement
3) årsplan
4) fylkesprogrammet (føre fylkestingsval)
5) lovendringsforslag og andre saker som er fremja for fylkesstyret seinast 2 månadar før fylkesårsmøtet
6) nominasjonsreglement (kvart mellomvalsår)
7) val
    a) fylkesstyret (leiar, nestleiarar og styremedlemer, sjå § 5), valt for to år, samanhengande funksjonstid i same verv inntil 6 år. Ein representant frå kvart av valdistrikta skal vera representer i leiartrioen (leiar, 1. og 2. nestleiar) i fylkesstyret.
    b) 5 varamedlemer til fylkesstyret, valt for eitt år
    c) kvinnepolitisk leiar skal veljast av kvinnene, der det ikkje er fylkeskvinnelag eller kvinnenettverk
    d) valkomité for neste fylkesårsmøte
    e) nominasjonskomité, jfr § 7 (kvart mellomvalsår)
    f) programkomité (året før fylkestingsval)
    g) delegatar til KrF sitt landsmøte
    h) statsautorisert revisor eller 2 revisorar m/1 varamedlem, valt for eitt år

Fylkesårsmøtet skal innkallast skriftleg med minst 1 månads varsel. Saker som er fremja i rett tid gjennom organ som etter denne paragraf sender representantar til fylkesårsmøtet, har krav på å bli handsama. Fylkesårsmøtet blir halde innan utgangen av mars månad.

Fylkesårsmøtet kan vedta at eit fylkesrådsmøte (jfr § 6) skal avslutte handsaminga av ei eller fleire av sakene som er nemnde ovanfor, med unntak av saker som gjelder lovendringar eller val (pkt 5 og 6).

Ekstraordinært årsmøte kan innkallast når styret finn det naudsynt, eller når minst 1/3 av lokallaga krev det. Innkalling til ekstraordinært årsmøte føregår på same måte som til vanleg årsmøte.

## § 5 FYLKESSTYRET

**a) Fylkesstyret er sett saman av:**

1) fylkesleiar, vald for 2 år, samanhengande funksjonstid i same verv inntil 6 år

2) nestleiarar, valde for 2 år, samanhengande funksjonstid i same verv inntil 6 år
3) 2 styremedlemer, valde for 2 år, samanhengande funksjonstid i same verv inntil 6 år
4) gruppeleiar i fylkestinget
5) kvinnepolitisk leiar
6) leiar av KrFU sitt fylkeslag
7) leiar i Bergen KrF

Fylkesstyret sine valde varamedlemer vert kalla inn ved forfall under A.1-3. Første vara til fylkesstyret blir kalla inn til fylkesstyremøte med tale- og forslagsrett. Fråtrer fylkesleiar eller 1. eller 2. nestleiar i perioden, skal den som står nærast konstituerast til vervet fram til ordinært fylkesårsmøte. Fylkestingsgruppa/ KrFU/ KrF Kvinner/Bergen KrF vel sjølve sine vararepresentantar under A.4-7).

Organisasjonsutviklar er fylkesstyret sin sekretær, og møter i fylkesstyret med talerett.

Organisasjonsutviklar, fylkespartiet sine stortingsrepresentantar, fylkespartiet sine sentralstyremedlemmar, regjeringsmedlemmar, fylkespartiet sitt fylkesordførar og fylkesvaraordførar har observatørstatus med tale- og forslagsrett i fylkesstyret. Dersom nasjonal leiar av KrFU eller nasjonal leiar av KrF Kvinner er frå fylkeslaget, kan dei møte i fylkesstyret med talerett.

Fylkesstyret er ansvarleg for strategiske, politiske og organisatoriske avgjerder og aktivitetar for fylkeslaget. Fylkesstyret nedset ad-hoc utval eller faste underutval etter behov.

**a) Fylkesstyret står ansvarleg ovanfor fylkesårsmøtet og leier fylkespartiet sitt arbeid fram til nytt styre er vald. Fylkesstyret skal mellom anna:**

1) førebu, gjennomføre og følgje opp vedtaka frå fylkesårsmøtet.
2) vedta fylkeslaget sitt budsjett innan 1. desember for påfølgjande år, samt revidere budsjettet innan 1. mai i rekneskapsåret.
3) vedta rekneskapsførar i tråd med KrFs økonomireglement.
4) ta initiativ til konstituerande møte og etablering av gode samarbeidsrutinar for fylkestingsgruppa og gi denne råd og innspel undervegs.
5) bidra til politisk debatt gjennom mellom anna politiske utspel, utgreiing av politiske spørsmål og gjennomføring av politiske konferansar.
6) halde god kontakt med lokallaga og deira representantar i kommunestyret og arbeide for aktive lag i alle kommunar.
7) gi folkevalde og tillitsvalde på kommune- og fylkesplan tilbod om opplæring og rådgjeving, i samarbeid med KrFs sitt skoleringsarbeid.
8) bidra til å ajourføre eitt medlemsregister som er felles for alle ledd i partiet.
9) sørgje for god og ansvarleg rekneskapsføring og økonomistyring i samarbeid med organisasjonsutviklar, i tråd med KrFs økonomireglement.
10) organisere planlegging, gjennomføring og evaluering av fylkeslaget sin valkamp.
11) behandle saker som er oversendt frå sentralstyret.
12) yte stønad til KrFU og KrF Kvinner sitt arbeid i fylket.

b) **Fylkesstyret har møte så ofte leiaren finn det naudsynt eller når minst 3 styremedlemer ynskjer det. Fylkesstyret sine vedtak vert fatta med alminneleg fleirtal, og styret er vedtaksdyktig når meir enn halve styret er til stades. Ved same mengd røyster har leiaren dobbeltrøyst.**

Fylkesstyret sine vedtak vert sett i verk av fylkesleiar i samarbeid med nestleiarane og organisasjonsutviklar.

Fylkesstyret utnemner ein, som saman med organisasjonsutviklar, følgjer opp KrFs sitt skoleringsarbeid. Fylkesstyret avgjer i kor stor grad også øvrige fylkesstyremedlemmer deltek i iverksetjinga av ulike vedtak i fylkesstyret.

Fylkesstyret utnemner dei utvala som dei meiner er naudsynte for arbeidet.
Fylkesstyret sitt arbeidsutval består av: leiar, fyrste nestleiar og andre nestleiar.
Fylkessekretæren fungerer som sekretær for arbeidsutvalet.
Fylkesstyret gjev instruksar om kva slags saker arbeidsutvalet skal handsame.
Arbeidsutvalet sine vedtak skal leggjast fram for fylkesstyret.

## § 6 FYLKESRÅDSMØTER

Paragraf 6 følgjer som ein konsekvens av fylkesstyremodell B.

**Fylkesrådsmøter er sett saman av:**

1) fylkesstyret
2) fylkestingsgruppa
3) lokallagsleiar og gruppeleiar frå kvar kommune, evt. deira vararepresentantar
4) minst 3 representantar frå KrF Kvinner i fylket
5) minst 3 representantar frå KrFU sitt fylkeslag
6) byrådar
7) ordførarar og varaordførarar
8) stortingsrepresentant(ar) frå fylket

Organisasjonsutviklar deltek i møtet med tale- og forslagsrett.

Fylkesrådsmøter er rådgjevande organ for fylkesstyret i organisasjonsmessige og politiske spørsmål, og handsamar dei saker som fylkesstyret legg fram for det. Fylkesrådsmøter kan fatte bindande vedtak i saker som fylkesårsmøtet har ført over til handsaming. Fylkesrådsmøtet sine vedtak vert fatta med alminneleg fleirtal.

Rådsmøtet bør haldast ein gong kvart år.

## § 7 NOMINASJON FOR FYLKESTINGS- OG STORTINGSVAL

Nominasjon for fylkestings- og stortingsval skal gjennomførast etter vedteke nominasjonsreglement. Reglementet skal innehalde antal høyringar, kven som skal høyrast m.m. Følgande instansar skal alltid vere med i høyringane: KrFU sitt



krf Vestland Kristelig Folkeparti

fylkeslag, KrF Kvinner i fylket og alle KrF sine lokallag (jfr. landspartiets lover §8). Reglementet vert vedteke på fylkesårsmøtet i mellomvalsår.

Fylkesstyret kallar inn til nominasjonsmøtet og set møtet. Forslag til fylkestingsvalsliste/ stortingsvalliste vert lagd fram av nominasjonskomiteen som består av minimum 5 årsmøteutnemnde personar, inkludert ein representant kvar foreslått av KrFU og av KrF Kvinner.

Endeleg listeforslag vert sett opp i samsvar med "Lov om val til storting, fylkesting og kommunestyrer (vallova) av 2002", med seinare endringar, og sendast til valstyret innan 31. mars i valåret, underteikna av to styremedlemer.

For stemmerett på nominasjonsmøte, sjå § 10-3, 3. avsnitt.

## § 8 LOVER FOR FYLKESLAGA

Sentralstyret utarbeider normallover for fylkeslaga. Fylkeslaga vedtek sjølv sine lover og eventuelle lovendringar. Desse lovene er ikkje gyldige før dei er godkjent av sentralstyret. §§ 1, 2, 8, 10 og 11 i lover for Kristeleg Folkeparti skal gjelde for alle fylkeslag, og desse avgjerslene kan ikkje fråvikast. Det skal vidare kome fram i fylkeslaga sine lover at KrF sine lokallag og KrF Kvinner/styret og KrFU sitt fylkesstyre er høyringsinstans for fylkeslaga sine nominasjonskomitear.

## § 9 LOVER FOR LOKALLAGA

Sentralstyret utarbeider normallover for lokallaga. Lokallaga vedtek sjølve sine lover og eventuelle lovendringar. Desse lovene er ikkje gyldige før dei er godkjende av fylkesstyret. §§ 1, 2, 9 - 11 i lover for Kristeleg Folkeparti skal under eit kvart tilhøve gjelde for alle lokallag, og desse avgjersler kan ikkje fråvikast.

## § 10 MEDLEMSKAP

### § 10-1 Teikning av medlemskap

Partiet er ope for medlemskap for alle, som:
- er einig i partiet sitt formål og grunnsyn
- er fylt 13 år
- ikkje er medlem av andre parti eller deira ungdomsorganisasjonar

Om eit medlem ynskjer det, kan det vere organisert gjennom KrFU. Desse medlemene betaler berre ein kontingent og har dei same rettigheiter og plikter som andre KrF-medlemer.

### § 10-2 Medlemskapet si gyldigheit

Medlemskapet er gyldig når medlemskontingent er betalt, og gyldig inntil vedkomande melder seg ut.

Om eit medlem ikkje har betalt kontingent eller har svart på førespurnadar om dette innan utgongen av året, vil dette reknast som passiv utmelding og medlemskapet vil ikkje bli fornya inn i nytt år. Dette gjeld ikkje for nyinnmeldte som er innmeldt etter hovudforfall.
Om eit medlem melder seg ut og bed om å få medlemsinformasjon sletta snøggast, skal dette imøtekomast.

**§ 10-3 Medlemsrettar**
Fulle rettar som medlem har den som har betalt medlemskontingent. Til tillitsverv i partiet kan berre veljast medlemer.

For å kunne få tale- og forslagsrett, røyste og vere valbar på årsmøter og andre møter som har myndigheit til å velje utsendingar, må forfalle kontingent vere betalt. Ein må i tillegg ha vore medlem i ein månad for å kunne røyste.

For å kunne få tale- og forslagsrett og røyste på partiet sine nominasjonsmøter, må forfalle kontingent vere betalt. Ein må i tillegg fylle minst 18 år i valåret, og ha vore medlem i **tre** månadar.

Ved alle røystingar kan 3 eller fleire røysterettkomne krevje skriftleg røysting.

**§ 10-4 Organisering av medlemskapet**
Eit medlem er normalt medlem av lokallaget i den kommune/bydel vedkomande bur.

Om det ikkje er lokallag på heimstaden til medlemen, kan medlemen organiserast direkte under fylkeslaget. I spesielle situasjonar kan medlemen søke om å få organisere sitt medlemskap direkte under landspartiet. KrFU sine medlemer skal alltid stå som medlem i sideorganisasjonen sitt lokal- eller fylkeslag i same fylke som KrF-medlemskapet er registrert.

Studentar kan organisere sitt medlemskap i heimkommunen der dei er folkeregistrerte, eller på studiestaden. Partiet steller seg til den adressa studenten oppgjev. Studentar som har gyldig medlemskap utanom heimstadskommunen kan ikkje nominerast eller veljast som utsendingar til nominasjonsmøtet, (Jfr valgloven § 21) og dei har i lokallagssamanheng ikkje røysterett i nominasjonsspørsmål. Medlemen kan likevel nominerast til plass på vallista i folkeregistrert kommune/fylke.

**§ 10-5 Eksklusjon**
Eksklusjon frå vert partiet avgjort av sentralstyret med 2/3 fleirtal. Eit medlem kan ekskluderast av KrF dersom han eller ho:

a. er medlem av eit anna politisk parti.
b. er tillitsvald, folkevald eller arbeider politisk for eit anna politisk parti.
c. har framsett hatefulle ytringar eller truslar.
d. er dømd for seksuelle overgrep eller annan grov kriminalitet.

Både partiet sine sentrale organ og lokal- og fylkeslag har rett til å føreslå medlemer i sitt lag ekskludert. Nærare prosedyre om eksklusjon vert vedteke av landsstyret.

**§ 10-6 Medlemskontingent**
Landsstyret for KrF fattar vedtak om medlemskontingent i KrF og landsstyret for KrFU fattar vedtak om medlemskontingent i KrFU. Landsstyret har fullmakt til å gje nærare avgjersler for kontingentsatsar, registrering av partimedlemskap og så vidare. Lovendringar som angår KrFU trer i kraft når det føreligg tilslutning angåande kontingentsats frå deira organ.

*KrF sentralt krev inn kontingenten. Kontingenten blir deretter fordelt mellom lokallag, fylkeslag, og KrF sentralt, etter ein fordelingsnøkkel vedteke av landsstyret.*

*Landskontoret laster kvart lokallag for kostnadane ved produksjon og utsending av kontingentkrav.*

*KrFU krev sjølve inn sin medlemskontingent og fordeler desse midla gjennom eigen organisasjon.*

**§ 10-7 Æresmedlemer**
Æresmedlemer kan utnemnast av landspartiet ved sentralstyret, av fylkeslaga ved fylkesstyra og av lokallaga ved lokallagsstyra. Det generelle kriteriet for utnemning av æresmedlemer er; den personen det gjeld skal ha gjort ein ekstraordinær innsats for partiet på gjeldande nivå. Sjå Handbok for tillitsvalde, kapittel 10.3.

Æresmedlemen betaler ikkje sjølv kontingent til KrF. Kontingenten for desse medlemene skal dekkast av det organ som har utnemnt æresmedlemen.

## § 11 KJØNNSKVOTERING VED VAL MED MEIR
I politiske og organisasjonsmessige verv skal det sikrast mest mogleg lik representasjon av kvinner og menn.

Stemmetillegg og alle val/utnemningar til partiet sine politiske og organisasjonsmessige organ med fleire enn tre medlemer skal, så langt det er praktisk mogleg, gjennomførast slik at resultatet gjev minst 40 prosent representasjon av kvart kjønn.

## § 12 LOVENDRING
Desse lovene kan, med unntak av §§ 1, 2, 8, 10 og 11, endrast av fylkesårsmøtet når minst 2/3 av årsmøtet sine medlemer stemmer for eit forslag som er fremja av dei organ og innan den fristen som er fastsett i § 5. Lovendringane må vere godkjent av sentralstyret før desse kan tre i kraft.

Årsmelding 2025 – Vestland KrF

2025 har vore eit viktig år for KrF, ved at ein igjen kom over sperregrensa og fekk 7 representantar på Stortinget. For Vestland KrF vart resultatet framgang i begge valkrinsar, men berre innvalt medlem frå Hordaland.

Året starta med lansering av ny logo og profil på Landskonferansen i januar, noko som gav organisasjonen eit friskt løft. Gjennom våren og sommaren opplevde vi aukande engasjement blant medlemmane, og KrF steig jamt på meiningsmålingane. Gleda var stor då KrF kom over sperregrensa i stortingsvalet, med eit resultat på 4,2 % nasjonalt – ein oppgang på 0,4 prosentpoeng frå førre stortingsval. Totalt stemde 135 230 personar på KrF.

Resultat i Vestland:

- Hordaland valkrins: 16 127 stemmer, 5,0 %, opp 0,1 prosentpoeng
- Sogn og Fjordane valkrins: 2 735 stemmer, 4,3 %, opp 0,4 prosentpoeng

Vestland KrF fekk inn Joel Ystebø som stortingsrepresentant for dei neste fire åra. Hausten heldt fram med gode målingar og styrka tru på politikken vår. Takk til alle medlemmar og frivillige som har gjort dette året mogleg!

---

1. Organisasjon og struktur

Medlemstal og utvikling:
I 2025 fekk Vestland KrF 593 nye medlemmar (KrFU + ordinære + familie), noko som var ein auke på 421 medlemmar og 18 % samanlikna med 2024.

- Ordinære medlemmar dominerer tilveksten (om lag 66 % av totalen), medan familiemedlemmar utgjer om lag 13 %.
- KrFU-gruppa består nesten heilt av unge: over 90 % er under 26 år.
- Det er stor variasjon mellom lokallaga:
  - Bergen KrF står for den største tilveksten med 234 nye medlemmar.
  - Fleire små lag har berre 2–5 nye medlemmar (t.d. Askvoll, Bremanger, Sveio).
- Direktemedlemmar i Vestland utgjer 10 personar (derav 2 KrFU og 8 ordinære).

Fordelinga viser at Vestland har ein sterk ungdomsprofil i KrFU, men hovudtyngda av veksten er ordinære medlemmar.

I same periode mista vi 168 medlemmar (2024: 324):

| Årsak | Antall | Andel |
|---|---|---|
| Etter eige ønske | 69 | ca. 41 % |
| Ikkje betalt kontingent | 42 | ca. 25 % |
| Død | 31 | ca. 18 % |

| | | |
|---|---|---|
| Politiske årsaker (sentralt) | 13 | ca. 8 % |
| Alder eller sjukdom | 12 | ca. 7 % |
| Overgang til andre parti | 1 | < 1 % |

- Største årsak: eige ønskje (69).
- Deretter manglande betaling av kontingent (42) og dødsfall (31).
- Mindre volum for politiske årsaker, alder/helse og berre éin overgang til anna parti.

Ved inngangen til 2025 hadde Vestland KrF lokallag i 32 kommunar. Lokallaga i Masfjorden og Austrheim vart lagt ned i løpet av året, etter fleire år med utfordringar knytt til rekruttering og drift.

Ved utgangen av 2025 hadde fylkeslaget 2 746 medlemmar. Av desse var 62 registrerte som direktemedlemmar, noko som i hovudsak skuldast at dei bur i kommunar utan eit aktivt lokallag.

Sjå vedlagt «2026 Delegatar til fylkesårsmøtet - Vestland KrF» for medlemstal fordelt på lokallag.

Samla sett viser medlemstala ei svært positiv utvikling for Vestland KrF. Med ein solid medlemsvekst, sterk ungdomsprofil og ein markant reduksjon i utmeldingar samanlikna med året før, står organisasjonen godt rusta for vidare arbeid. Dette gir grunn til optimisme og inspirasjon for både lokallag og fylkeslag i tida som kjem.

---

## 2. Aktivitetar og arrangement

Landsmøte og landskonferanse:
Året starta med ekstraordinært landsmøte der Vestland KrF stilte med 23 delegatar. Hovudsaka var val av ny partileiing. Landsmøtet fann stad i forkant av Landskonferansen på Gardermoen 25.–26. januar, som markerte starten på oppløpet mot valkampen.

Fylkesårsmøte:
Fylkesårsmøtet i Førde 8.–9. mars var ein viktig møteplass og inspirasjonskjelde. På programmet stod blant anna:

- «Kvinnekamp i 2025» ved Trude Brosvik
- Valkampseminar
- «Bygge på verdiar – skape verdiar» ved Dag-Inge Ulstein
- «Vegen framover med KrF» ved Jonatan Hurthi (video frå Kenya)
- Festtale ved Astrid Aarhus Byrknes
  Totalt deltok 94 personar, inkludert gjester. Fylkesstyret valde å ikkje behandle resolusjonar dette året.

Landsmøte i Bergen:
KrFs landsmøte vart arrangert i Bergen 24.–27. april. Vestland KrF stilte med 22 delegatar. Startskotet for valkampen gjekk då «valkampbilen» køyrde ut frå området – Vestland KrF fekk æra av å vere først ut.

Regionale samlingar og lokallagsinitiativ:
Det vart arrangert fleire regionale samlingar og initiativ frå lokallag tidleg på sommaren, mellom anna:

- Bergen 22. mai
- Norheimsund 2. juni
- Stord 28. juni
- Nordfjord 10. februar Felles Årsmøte Stad, Stryn Gloppen med besøk av Dag Inge Ulstein.
- Teamsmøte som kick off på valkamp 13. mars.

Valkampaktivitetar:
Etter sommarferien tok valkampen for alvor fart, med breitt spekter av aktivitetar i lokallaga. Toppkandidatane deltok på mange arrangement og debattar. Valgkampkalenderen viser at det vart takka ja til 27 debattar/møter, og nei til 3.

Nettmøter og rådsmøte:
Gjennom året har det vore arrangert fleire nettmøter i regi av landskontoret, som har bidratt til god oppfølging og informasjonsflyt. 30. oktober arrangerte Vestland KrF rådsmøte med fokus på evaluering etter valet.

---

## 3. Økonomi

Vestland KrF hadde i 2025 eit underskot på 474 000 kroner, som i stor grad kjem av det høge aktivitetsnivået i valåret, der kostnadene steig med om lag 1,16 millionar kroner samanlikna med 2024. Driftsinntektene enda på 2,12 millionar kroner – rundt 610 000 kroner under budsjett – mellom anna fordi arrangement og økonomiaksjonar gav lågare inntekter enn venta, og fordi fylkesstyret valde å ikkje krevje inn fylkeskontingenten (–160 000 kroner). Samstundes står organisasjonen økonomisk solid, med eigenkapital på om lag 1,94 millionar kroner og bankinnskot mellom 1,45 og 2,11 millionar i perioden. For å sikre stabil økonomi framover er det viktig å nytte mellomvalsår aktivt til å byggje buffer, styrkje inntektene og planleggje kampanjeaktivitetar meir målretta.

---

## 4. Tillitsvalde og tilsette

Fylkesstyret:
Vestland KrF hadde 8 styremøte i 2025 og behandla 68 saker. Styret har arbeidd med valkamp, høyring til partiprogram, lover, økonomi, organisering, skulering, medlemsoppfølging og politiske innspel. Særleg fokus har vore på å styrke lokallaga, tilretteleggje for god skulering, sikre brei medlemsoppfølging og evaluere valkampen for vidare utvikling.

Styresamansetjing etter fylkesårsmøtet:

Leiar: Per-Erik Gåskjenn, Bergen

1. nestleiar: Ragnhild Stav, Fjaler
2. nestleiar: Malin Andvik, Alver
Styremedlem: Per Ståle Husevåg, Gloppen
Styremedlem: Jarle Jacobsen, Sveio
Kvinnepolitisk leiar: Solfrid Rong, Bergen
Gruppeleiar av fylkestingsgruppa: Trude Brosvik, Gulen
Leiar av Vestland KrFU: Markus Vabø, Alver
Leiar av Bergen KrF: Karianne Fedøy Magnussen, Bergen
1. vara: Harald Rydland, Fitjar
2. vara: Marta Rydland Kjelby, Gulen
3. vara: Gunn Totland Moss, Samnanger

Revisorar:
David Jørgensen og Pål Kårbø vart valde som revisorar for rekneskapsåret 2025.

Tilsette:
Per Byrknes har vore tilsett i 100 % stilling som organisasjonsutviklar (dagleg leiar). Josefine Bergstrøm har vore ekstra ressurs i valkampen, betalt av Landskontoret. Regnskapstenester vert kjøpt frå Landskontoret.

---

Takk til alle som har bidratt til eit engasjerande og framgangsrikt år for Vestland KrF!

Handlingsplan for Vestland KrF 2026

Visjon

> Vestland Kristelig Folkeparti skal fortsatt være et verdiforankret, aktuelt og fremtidsrettet parti. Vi arbeider for et samfunn bygd på kristne verdier, med menneskeverd, rett til liv, nestekjærlighet og forvalteransvar som grunnpilarer.

---

Hovedmål for 2026

- Styrke og fornye lokallagene
- Videreutvikle KrFs posisjon nasjonalt og regionalt
- Øke medlemstallet og engasjementet blant eksisterende medlemmer
- Forberede organisasjonen på kommune- og fylkestingsvalget i 2027
- Øke synligheten i samfunnsdebatten og i media

---

Tiltak

1. Styrke og fornye lokallagene

- Gjennomføre regionale samlinger til høsten, med fokus på erfaringsdeling og inspirasjon
- Besøke lokallag og kommuner med mobiliseringspotensial, og tilby skreddersydd støtte
- Videreføre og styrke fadderordningen mellom fylkesstyret og lokallagene
- Arrangere «Politisk time» som et nettmøte, med to samlinger på våren og to på høsten, for å sikre god dialog med lokallagene om aktuelle tema.
- Tilby målrettet skolering for medlemmer, tillitsvalgte og folkevalgte, inkludert digitale kurs.

2. Videreutvikle KrFs posisjon nasjonalt og regionalt

- Opprettholde tett dialog med stortingsgruppen, sentralstyret og andre fylkeslag
- Ta initiativ til politikkutvikling på områder som er spesielt viktige for Vestland
- Være synlige og aktive i samfunnsdebatten, både lokalt og nasjonalt
- Oppfordre kommunestyregruppene til å delta aktivt i mediebildet
- Invitere sentrale tillitsvalgte til Vestland for å møte både bedrifter og partiorganisasjonen , og for å styrke samarbeidet og synligheten

3. Øke medlemstallet og engasjementet

- Sende ut nyhetsbrev til medlemmene minst to ganger i året
- Gjennomføre medlemsvervingskampanjer, med særlig fokus på unge og underrepresenterte grupper
- Følge opp medlemmer som ikke har betalt kontingent, for å beholde dem i partiet
- Styrke samarbeidet med KrFU og KrF Kvinner

4. Forberede organisasjonen på kommune- og fylkestingsvalget 2027

- Starte tidlig planlegging av valgkampstrategi og budskap
- Tilby skolering og erfaringsutveksling for potensielle kandidater
- Bygge opp valgkampapparatet i samarbeid med lokallagene
- Arbeide for å øke tilstedeværelsen på sosiale medier og i tradisjonelle medier

---

Evaluering og oppfølging

- Fylkesstyret har ansvar for å følge opp handlingsplanen og rapportere status på hvert styremøte
- Det gjennomføres en årlig evaluering av tiltakene, med justeringer etter behov

Vedtatt på Vestland KrF sitt fylkesstyremøte 6.12.2025

Årsmelding  2025 for fylkestingsgruppa

Folkevalde:
Gruppa har hatt tre faste medlemer:
Trude Brosvik: gruppeleiar, fylkesutvalet, hovedutval for samferdsel og mobilitet (SAMO) og leiar i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) fram til desember 2025. Gruppeleiar er 100% frikjøpt.

Jon Olav Økland: 1.vara til FUV, nestleiar i hovedutval for opplæring og kompetanse (OPPKO)

Arne Normann: 2. vara til FUV, medlem i hovedutval for kultur, idrett og inkludering (KULII).

KrF sine varafolk til fylkestinget: 1. Ragnhild Stav, 2. Morten Helland, 3. Marta Rydland Kjelby, 4. Ingvill Kvalsnes Blom, 5. Eivind Skår, 6. Torstein Backer-Owe

Vara til SAMO: Marta Rydland Kjelby, Eivind Skår, Gustav Johan Nydal

Vara til OPPKO: Morten Helland, Ingvill Kvalsnes Blom, Harald Rydland

Vara til KULII: Ragnhild Stav, Torstein Backer-Owe, Irene Barmen Hoel

Trude Brosvik var medlem i Tilsettingsutvalet for ny fylkesdirektør.

Gruppa kjøper sekretærtenester frå fylket, og områdesekretær Per Byrknes deltek på ein del av gruppemøta, særleg dei i framkant av fylkestinga og under fylkestingssamlingane. Fylket nyttar også kontoret gruppa har på Vestlandshuset som fylkeskontor. Rekneskapstenester blir kjøpt av KrF sentralt.

Økonomi
Fylkestilskotet til gruppa var på kr. 783.582,00.

Kr 400.000,00 er brukt inn mot Vestland KrF; Kr. 200.000,00 som kjøp av tilsett-ressurs, og kr. 200.000,00 til felles arbeid. I tillegg løna gruppa 1. kandidaten for Sogn og Fjordane KrF i to veker i juni, i samband med fylkesting / valkamp. Gruppa betaler også frikjøp for dei som må ta fri frå jobb for å utføre verv / delta på konferansar mm. Jon Økland er fast frikjøpt med 5% frå NLA. Det er også eit mål at 1. vara skal kunne delta meir i gruppa, også å vere med på fylkestinga.

Resultat før skatt er kr. 268.332,00, og gruppa sin eigenkapital er kr. 916.716,00.

Politisk arbeid
Fylkeskommunen har formannskapsmodellen som styreform. KrF er i koalisjon med Sp, Ap, MDG, V og SV. Vi styrer på ein politisk plattform. Ved saker som ikkje er avtala i plattformen, står partia fritt til å fremme eigne vedtak og/eller samarbeide med andre (etter først å ha prøvt å finne semje i koalisjonen).

Stort sett går dette samarbeidet godt, og vi finn saman om det meste. Men det spissa seg rundt to saker om nye linjer til to private skular. For Framnes vgs sin søknad fekk vi fleirtal, men for Danielsen sin søknad om akvakultur fekk vi ikkje med oss tilstrekkeleg stemmer frå koalisjonen til at det fekk fleirtal i fylkesutvalet. KrF vurderte å gå ut av koalisjonen, fordi vi meinte dette var brot på plattformen og det som var avtalt. Medan andre parti tolka vedtaket anleis.

Andre saker som har tatt mykje merksemd i 2025 er utlysing og justering av opplæringstilbodet, der vi legg til grunn ein godkjent tilbodsstruktur. Det er auka søknad til yrkesfag, samt at fullføringsreformen ga nokre utslag som ein ikkje var heilt budde på.

Open skule, slik at born/unge kan nytte dei fylkeskommunale bygga gratis på fritida, har også i 2025 vore ei stor sak.

Det er også ei prinsippiell sak om korleis retten til gratis skuleskyss for elevar i Bergen og nærliggande område (der det er svært gode kollektivtilbod) skal gjevast. Staten opnar for at dette kan gjerast ved at dei kjøper ungdomskort. Slik har det vore i Bergen gjennom mange år, men KrF meiner det eigentleg bryt med gratisprinsippet. Det er rett å seie at det ikkje er store protestar på eksisterande ordning, og den blir vidareført.

